

## Utdrag frå noverande økonomireglement for Samnanger kommune

### 5 Investeringar

#### 5.1 Planlegging av investeringsprosjekt

Einingsleiar skal leggja fram framlegg til investeringar ved handsaming av økonomiplan og årsbudsjett. Budsjettvedtaket i kommunestyret er klarsignal for – og pålegg om – at prosjekt skal detaljplanleggast og gjennomførast.

Sjølv om investeringsprosjektet står oppført i kapitalbudsjettet, kan prosjektet *IKKJE* setjast i gang før det er gjort særskilt vedtak om det av kompetent mynde. For prosjekt med ei kostnadsramme på inntil kr. 100.000 får administrasjonssjefen mynde til å vedta igangsetting når finansiering er i orden. For prosjekt med ei kostnadsramme over kr. 100.000, skal det utarbeidast spesifisert kostnadsoverslag og finansieringsplan. Personal og økonomiutvalet får fullmakt til å vedta kostnadsoverslag og finansieringsplan for prosjekt med kostnadsramme på inntil kr. 500.000.

Investeringsprosjekt med kostnadsramme over kr. 500.000 skal handsamast av kommunestyret.

Administrasjonssjefen får fullmakt til å ta opp lån som er føresett i finansieringsplan. Investeringsprosjekt kan ikkje setjast i gang før endeleg finansiering er i orden.

Avvik mellom kostnadsoverslag og prosjektrekneskap skal snarast mogleg rapporterast til det organ som har vedteke prosjektet. Det skal leggjast fram framlegg til justeringar.

#### 5.2 Prosjektrekneskap

Investeringsprosjekt som skal førast på to eller fleire budsjett, skal førast som eige prosjektrekneskap (byggeregneskap). For investeringsprosjekt med ei kostnadsramme på over kr. 500.000 skal det *alltid* førast eige prosjektrekneskap.

Prosjektrekneskapen skal spesifiserast slik at tala kan samanliknast direkte med kostnadsoverslaget.

Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggjast fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan. Organet skal samstundes med slutthandsaming av prosjektet gjera vedtak om finansiering av eventuelle overskridingar, eller disponering av ubrukte midlar til prosjektet. Overskridingar som ikkje vert dekkja av ledige midlar innanfor same rammeområde i kapitalbudsjettet, skal handsamast av kommunestyret. Bruk av lånemidlar kan berre vedtekast av kommunestyret.

Ved overskridingar skal saka *alltid* verta lagt fram for kommunestyret til handsaming så snart prosjektansvarleg er kjend med dette.

### 5.3 Anbud –og kontraktsreglar

Ved større byggeoppdrag skal det alltid hentast inn anbud.

Det organet som vedtek kostnadsoverslag og finansiering/plan, skal samstundes avgjera om det skal hentast inn anbud, og kven som har mynde til å godkjenna anbud/velja entreprenør (jfr. punkt 5.1)

Innkjøpsavtale ved kjøp av varer og tenester – *vedteken av Samnanger Personal og økonomiutvalet, sak 19/99, 10.05.1999* – skal følgjast. I tillegg skal leverandøren oppfylla fylgjande:

- Har betalt skattar og avgifter til stat, fylke og kommune (Kemnerattest).
- Er godskjent som lærebedrift, der dette vert kravd.
- Har tidlegare innretta seg etter lover og reglar som gjeld for ei sunn næringsverksemd.
- Har fast tilsette, og ikkje nyttar ulovlege kontraktørar.
- Har nødvendig kompetanse og soliditet.

Hugs og EØS-reglane ved innkjøp/investeringar.